



DLL – lær å lære andre tysk

Den praksisnære vidareutdanningsserien frå Goethe-instituttet for tysklærarar

Goethe-Institut, Noreg

I vidareutdanningsprogrammet «Lær å lære andre tysk» (*Deutsch Lehren Lernen*, DLL) frå Goethe-Institut fokuserer du på eiga undervisning. I DLL-kursa samhandlar du med andre som underviser i tysk, og som deltakar får du oppleve vidareutdanning på ein annan måte: Du får

formidla metodisk-didaktisk basiskunnskap for ei handlingsorientert og elevsentrert undervisning, og du utviklar eigne småprosjekt der du prøver ut og optimaliserer det du har lært. Desse bruker du så i di eiga undervisning.

Kva handlar DLL om?

Gjennom **stadig refleksjon og oppdatering** skal du lære å leggje opp undervisninga di betre. Det du sjølv har lært og erfart, bestemmer korleis du legg opp undervisninga di. Gjennom DLL blir du betre i stand til å reflektere over eigne undervisnings-

måtar, og innsikta dette gir deg, kan du bruke til å forme den framtidige undervisninga di. Slik skaper DLL ein spesiell **samanheng mellom teori og praksis som både du og elevane dine får nytte av.**

Opptrening av ferdigheiter, formidling av grammatikk, ordforråd og fonetikk og kunnskap om litteratur og arbeidsformer er integrert i konseptet.

Kva er konseptet bak DLL?

DLL består i dag av 13 einingar. Alle byggjer på eit totalkonsept, men den modulbaserte oppbygninga gjer at du kan fullføre dei enkeltvis. Einingane DLL1 til DLL6 utgjør basispakken.

Særleg å anbefale på dette stadiet er band 10 om tysk som framandspråk for ungdom, «DaF für Jugendliche». Unge er verken barn eller vaksne. Dei er i ein livsfase der dei gjennomgår store forandringar, noko som har innverknad på korleis dei lærer.

For tysklærarar er det viktig å støtte elevane på ein tidsmessig måte. I DLL10 får du vite korleis. Denne vidareutdanninga tilbyr vi i tidsrommet **19.09.–13.11.2022**. Fleire DLL-einingar kjem fortløpande.

Korleis går eit DLL-kurs for seg?

Nettkurset har to erfarne DLL-instruktørar som kursleiarar. I tillegg til teoriformidling er det fokusert på samarbeid med motiverte kollegaer frå Noreg, Danmark, Sverige, Finland, Nederland, Storbritannia og Irland om eit felles praksiskartleggingsprosjekt (*Praxiserkundungsprojekt*, PEP). Dette fremjar metodisk-praktisk kompetanse, men òg interkulturell og direkte utveksling.

Kven er DLL-kursa for?

DLL rettar seg mot tysklærarar på sekundærtrinnet (ungdomsskule og vidaregåande skule) og i vaksenopplæringa.

Føresetnaden for å delta er tyskkunnskap på nivå B2 (språkportefølje). Vidareutdanninga er særleg relevant dersom du underviser,

har undervisningserfaring eller har gjennomført praksis eller hospitering i tysk-undervisninga.

Når går dei neste DLL-kursa av stabelen?

Har denne artikkelen gjort deg motivert for å bli endå meir handlingsorientert og elevsentret i undervisninga di?

Ta en titt på nettsida vår!
<https://www.goethe.de/ins/no/no/spr/unt/for/gia.html>

E-post: sprak-oslo@goethe.de

